



Austrheim kommune
v/ Asbjørn Nagell Toft
Sætre marka 2
5943 AUSTRHEIM

Saknr.: 23-005 **Kommune:** Austrheim **gbnr.:** **Gardsnamn:** Kaland og Fønnes **Dykkar ref.:** 21/61-58/ANT

Områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fønnes og friområdet ved Ekornsåta, PlanID.2021002- Andre gongs offentlig ettersyn.

Dokumentliste:

Dok. nr.	Inn/ut	Dato	Avsendar/mottakar	Planstatus	Saksh.
2023	Inn	16.06.2023	Austrheim kommune v/ Asbjørn Nagell Toft	Områdeplan for bustadområde	SMV

NGIR har mottatt varsel om vedtatt områdeplan for bustadområde, og har følgjande merknader:

Stad- og tilkomst for henting av avfallsdunkar:

I Austrheim kommune (og NGIR området forøvrig) har kvart einskild hushald rett til å kunna setja fram opptil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane. Ved fellesløysingar må behaldarar som gjev same volum pr. hushald veljast. I tillegg er det viktig at tilkomstvegar – til hentestadar – har tilstrekkeleg breidde og toler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta dei. Hentestadane bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestadane. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsvegar (for å unngå rygging). Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestadane. Tilkomstvegar og snuplassar bør ha fast toppdekke, og verta brøyt når det er snø og is. Viser elles til utarbeid RTP som ligg på NGIR si heimeside: www.ngir.no

Kjevikdalen 19. juni 2023

Siv-Merete Vedå

 Siv-Merete Vedå
 -Rådgjevar-